

Læringsmiljøutvalet ved UiT - mandat og faste oppgåver

Læringsmiljøutvalet ved UiT (LMU) har følgjande mandat:

- bidra til at [første og andre ledd i lov om universitet og høgskolar § 4-3](#) vert gjennomførte
- vere med på å planlegge tiltak som skal sikre og vidareutvikle kvaliteten i læringsmiljøet og i studia
- følgje utviklinga i spørsmål som gjeld sikkerheita, velferda og læringssituasjonen til studentane
- føre tilsyn med universitetet si oppfølging av [handlingsplan for tilrettelegging og tilgjengelegheit](#)

Læringsmiljøutvalet går gjennom avdelingane sine rapportar om læringsmiljøet. Utvalet vert også orientert om klager på læringsmiljøet som universitetet mottek frå studentar, og kan gi utsegner om desse forholda. LMU gjev kvart år ein rapport til universitetsstyret om universitetet sitt arbeid med læringsmiljø.

Læringsmiljøutvalet har følgjande faste oppgåver:

Tidspunkt	Oppgåve/sak
Haust	velje leiar av Læringsmiljøutvalet for kommande studieår
Haust	fastsetje Læringsmiljøutvalet sin arbeidsplan for kommande studieår
Haust	handsame søknader om midlar til studiekvalitetsfremmande tiltak (midlar frå økonomiske sanksjonar ved forsinka sensur)
Haust	fastsetje møteplan for vårsemesteret
Vår	ta imot orientering om klager på læringsmiljøet
Vår	handsame sak om oppfølginga av universitetet sin handlingsplan for tilrettelegging og tilgjengelegheit

Vår	vurdere innspel til utdanningsmeldinga på bakgrunn av avdelingane sine rapportar om arbeidet med læringsmiljøet (kvart tredje år)
Vår	handsame Læringsmiljøutvalet sin årsrapport til styret
Vår	fastsetje møteplan for haustsemesteret
Kontinuerleg	følgje opp tildeling av midlar til studiekvalitetsfremmande tiltak
Kontinuerleg	følgje opp universitetet sitt arbeid med det fysiske læringsmiljøet
Kontinuerleg	samarbeide med Arbeidsmiljøutvalet (AMU) gjennom LMU sin observatørrolle i AMU